

Er dette OK?

Ivar Bård

Samnanger historielag Årsmelding 2003

Styret

På årsmøtet 26. februar vart Helge Hisdal vald til ny leiar etter Anna Holmefjord som sa frå seg attval. Marita Haugen vart valt som ny styremedlem for 2 år etter Anne Elise Moe som sa frå seg attval, medan Ivar Bård Aadland vart attvald for 2 år. Varamedlem Tor Wold vart attvald for 1 år, og Anna Holmefjord kom inn som ny varamedlem.

Styret er i 2003 samansett slik:

Helge Hisdal, leiar
Olav Brigtsen, nestleiar
Marita Haugen, kasserar
Ivar Bård Aadland, skrivar
Svein O. Aadland, redaktør for årboka

Styret har hatt 2 styremøte og handsama 6 saker.

Medlemer og arbeidsgrupper

Talet på medlemer har auka frå 52 til 60. Arbeidsgruppene laget hadde i 2002, har halde fram også i år (kontaktperson i parentes):

Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)
Skulehistorie (Ada L. Haugen)
Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)
Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)
Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)
Gamle fotografi (Tor Wold)
Årbok (Svein O. Aadland)

Aktivitetar

Tur til Salhus. 10. mai skipa historielaget til tur med veteranbuss til Norsk

Trikotasjemuseum i Salhus. 22 deltok på turen, og dei fekk omvising på museet og hadde ei eiga lysbileteframsying frå Samnanger Uldvarefabrikk.

Sal av bilete. Arbeidet med å registrera, scanna og ta vare på gamle bilete digitalt har halde fram. Som før er kopiar av bileta til sals hos Tor Wold.

Flyfoto. Samnanger kommune har liggjande om lag 300 flyfoto som i si tid vart kjøpt frå Fjellanger/Widerøe. Historielaget har tilbode kommunen å scanna inn og lagra bileta digitalt, mot at laget får høve til å selja kopiar. Til arbeidet trengst det to nye scannarar. Etter søknad har kommunen betalt den eine. Grafikar Per-Arvid Tveit Hansen har lova å hjelpe fotografgrappa med arbeidet.

Årboka 2003. Årboka vart ferdig tidleg i desember. Medlemene får årboka gratis.

Samarbeid med andre. Historielaget har vore vertskap for Nord- og Midthordland sogelag som la sumarturen og årsmøtet sitt til Samnanger med fullt dagsprogram, og for Kvam sogelag som fekk omvising både i Safa og krabumuseet på Ådland.